



Radøy kommune/teknisk forvaltning

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/723 - 15/4467

Saksbehandlar:

Tore Rikstad

tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:

21.04.2015

Delingssak gbnr 99/6 Ystebø - parkeringsareal Austebygd skule - tilleggsopplysningar

Det vert vist til mottatte brev om manglar ved innsendte søknad om deling:
«søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplan».

Bakgrunnen for at denne ikkje låg ved søknaden er at det i sak PLT-041/13 allereie er fatta vedtak om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen. I ettertid har eg skjøna det slik at denne dispensasjonen gjeld berre for sjølve bygginga av parkeringsplassen og ikkje delinga sjølv om det i grunngevinga for vedtaket står at »dei omsyna som ligg bak **bygge-og deleforbodet** ikkje vert vesentleg tilsidesett, og fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene».

Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplan i samband med deling:

Det vert søkt om dispensasjon frå LNF-området i kommuneplanen i samband med søknaden om deling av opparbeidd og ferdigstilt parkeringsplass ved Austebygd skule. Grunngevinga for søknaden kjem fram i vårt brev av 24.10.12 samt saksutgreiing og vedtak i sak PLT-041/13.

Eg reknar med at denne søknaden ikkje treng ny høyringsrunde.

Med helsing

Tore Rikstad

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20150421133350

Mottakarar:

Radøy kommune/teknisk forvaltning